

Avklåring i skattekaoset i morgen?

27.02.2010



Synfarar Hilde Hus i arbeid med registreringane i Uskedalen i fjar haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter ein stor og grundig jobb i 3 ½ månad er 10.577 eigedomstakstar no klare etter at rundt rekna 20.000 bygg og 11.000 eigedomaar er vurderte i heile kommunen. Men handsaminga av skatten har vorte svært uklår i siste runde og det kjem ikkje noko avklåring før i ekstraordinært kommunestyremøte på Husnes sundag. Det uklåre gjeld kva som eigentleg var intensjonen:. Skal kategorien "nærings" betala 2 eller 7 promille?

I Uskedalen er rundt rekna 400 husstandar omfatta av skatten. Vi ligg i sone 09 som betyr 10 prosent lågare skatt enn Husnes og Rosendal. Unnatak her er Skorpo, som ligg 40 prosent under.

Frå i år skal utvidinga av eigedomsskatt til heile kommunen gje ei ekstrainntekt på 21 millionar kroner. Takstane skulle eigentleg leggjast ut til gjennomsyn etter eit hastemøte i formannskapet i føremiddag, men formannskapet spela ballen vidare til kommunestyret som blir innkalla på ein dags varsel.

Klagefristen er sett til 24. mars.. Vedtaket i saka må fattast før 1. mars, som er måndag. Klagane skal grunngjenvast konkret og alle klagar blir vurdert av takseringsnemda. Finn ikke den grunn til å justera taksten i favør av klagar, går den automatisk til den sakkunnige ankenemnda.

Taksten skal vara i 10 år men ordninga skal vurderast kvart år i samband med budsjetthandsaminga. Utifra takstane blir snittskatten 1.967 kroner. Det er noko lågere enn det som før er antyda fra politisk hald.

Listene med takstane skal etter planen leggjast ut i rådhuset, biblioteket på Husnes og heimesidene til kommunen og i tillegg blir eigarane tilskrivne. På gardsbruk er berre bustad- og kårhus takserte. Utleigehytter vert skattelagde som satsen for næring hvis ein har fleire enntre av dei knytte til bruket.

Av Ola Matti Mathisen